Hans Gaas kom frå København som ein av Kristian IIIs mange nyskulerte lutherske superintendantar. I mangt ser han ut til å ha hatt stor vilje og evne til å gjera ein reformasjonsinnsats *der han var*. Han synte etterkvart god kunnskap om tilhøva nordover, og at han hadde eit oppriktig engasjement for å få til praktiske løysingar, slik at den nye kyrkjeordninga kunne fungere. I omsetjinga av kristenretten, til dømes, var ikkje dansk mål det viktigaste – det var ikkje andre danske embetsmenn som var hovudmålgruppa for teksten, men omsetjinga måtte vera til eit «Maal som nu forstandeligt er og her i Riget meenlig bruges».

Den omsette kristenretten vart verande i bruk til det endeleg kom på plass ein eigen norsk kyrkjeordinans i 1607. Det første framlegget, som dei norske superintendantane på oppdrag frå kongen hadde ført i pennen i 1604, vart likevel for radikalt for Kristian IV (r. 1588–1648), og han sende det attende. Den reviderte versjonen som vart vedteken i 1607 var til slutt mykje godt lik den danske, og den norske kyrkjeordinansen må sjåast som nok eit uttrykk for Kristian IV sitt ønske om å religiøst straumlineforme og sentralisere avgjerdene i det store dobbeltmonarkiet. Reformasjons-hundreåret sin «utforskande» lutherske kurs vart

no for alvor sementert då Kristian IV hadde kome til makta og førde riket sitt inn i det me kallar for ortodoksiens periode. *Viljen* til å få på plass ein norsk kyrkjeordinans kan likevel tolkast som eit uttrykk for Kristian IV si genuine interesse også for Noreg, og initiativet må sjåast i samheng med at han også fekk på plass si norske, verdslege lov i 1604; *Den Norske Lov-Bog*. Denne lovboka finst det ei førsteutgåve av i Seminarsamlinga (sjå Andreas Klein sin artikkel i dette heftet). Me veit ikkje heile eigarhistoria til eksemplaret, men kven veit – kanskje var ho der allereie frå starten, og er sjølv lenka mellom restane av det førreformatoriske lærdomssetet og Trondenes seminarium?

Litteratur:

- Berg, S. H. 2014. Trondenes kannikgjeld – makt og rikdom gjennom seinmellomalder og reformasjon. UiT.
- Kolsrud, O. 1917. *Den Norske Kirkes Mindeskrift 1917. Utkast til en norsk kirkeordinans*. Kristiania 1917.
- Lysaker, T. 1987. *Nidaros erkebispestol og bispesete 1153–1953. 1: Reformasjon og enevælde 1537–1804*. Trondheim.
- Magnus Lagabøtes kristenrett og Sættargjerdene i Tønsberg*, utg. Nasjonalbiblioteket 2026.
- Spørck, B. D. 2009. *Nyere norske kristenretter*. Thorleif Dahls kulturbibliotek/Aschehoug.



Forfatter:

Sigrun Høgetveit Berg er professor i eldre historie ved UiT og medlem i forskingsgruppa CNN. Ho arbeider særleg med kyrkjehistorie og nordnorsk eldre historie og har publisert ei rekke arbeid om Trondenes kyrkje og samfunnet rundt, inkludert ph.d.-avhandlinga om Trondenes kannikgjeld.

E-post: sigrun.hogetveit.berg@uit.no
<https://orcid.org/0000-0003-4299-7972>

Bilder som kunnskapsbærere i middelalderens kirkerom

Stephan Kuhn

<https://doi.org/10.7557/ottar.8594>

Bilder hadde en sentral funksjon som formidlere av kristen tro og moral i middelalderens kirkerom. De inngikk i et samspill med liturgi og preken og bidro til å styrke forståelsen av både teologi og etikk. Gjennom sin plass i kirkerommet ble bildene en integrert del av samfunnets kunnskaps- og verdensbilde.

Den som trådte inn i kirken møtte i middelalderen et rom fullt av bilder. På altre sto skulpturer ofte plassert i et helgenskap eller alterskap som kunne åpnes og lukkes med dører. Forsiden på selve alteret var ofte utsmykket med kostbare malte eller broderte bilder, såkalte alterfrontaler og antependier, mens kirkens vegger var dekorert med veggmalerier eller billedtepper. Selv presten som holdt messen var kledd i bilder: Hans messehagel var prydet med kostbare broderier. I dag fremstår mange kirker i Norge som nokså

billedløse, og bare et fåtall – deriblant Trondenes kirke – har bevart et omfattende billedprogram. Selv i slike kirker står vi likevel bare overfor fragmenter av den opprinnelige utsmykningen.

Kirkerommet fungerte som et hellig sted der ulike aktører brukte rommet på ulike måter – prestskapet (klerus) på den ene siden og lekfolket på den andre. Disse aktørene hadde ulike roller og fremviste varierende grad av teologisk og liturgisk kunnskap. Lekfolket utgjorde imidlertid ikke en



Figur 1. Trondenes kirke. En av landets best bevarte kirkeinteriør fra middelalderen. Foto: Stephan Kuhn

ensartet gruppe, og deres evne til å forstå ritualer og liturgi varierte betydelig. Selv om gudstjenesten foregikk på latin, kan vi forutsette at lekfolk flest hadde en viss innsikt i liturgiens struktur og betydning. Troen gjennomtrengte dagliglivet i alle samfunnslag, og regelmessig deltakelse i gudstjenesten var en selvfølgelig praksis. Gjentakelsen av de samme handlingene ved hver messe, kombinert med forkynnelsen i prekener og katekese (undervisning), gjorde at middelalderens kirkegjengere ble fortrolige med kristendommens grunnleggende lære og liturgiens oppbygning.

Hele verdensforståelsen, oppfatningen av historien, tolkningen av verden rundt og menneskets plass i verden var uløselig knyttet til troen og til kirken. Kirkerommet utgjorde derfor et sentralt sted i middelalderens sosiale og kulturelle virkelighet, samtidig som det fungerte som en identitetsskapende arena for et fellesskap som identifiserte seg med sin kirke og dens utsmykning. Innenfor dette verdensbildet ble kirkens bilder aktive kunnskapsbærere som formidlet moralske normer og avklarte hva som var rett og galt. I det følgende skal jeg undersøke hvilken funksjon bilder hadde som kunnskapsbærere i kristendommen, og hvordan oppfatningen av livsvirkeligheten ble støttet gjennom bilder.

Bilder som bro til det guddommelige

I kunst- og kulturhistorisk forskning har man tradisjonelt lagt vekt på den didaktiske funksjonen (læringsfunksjonen) til bilder i kirkerommet. Pave Gregor den store († 604) tillegges her en nøkkelrolle, særlig gjennom sitt velkjente brev til biskop Serenus av Marseille. I brevet kritiserer Gregor biskopen for å ha ødelagt bilder av frykt for avgudsdyrkelse, og han understreker at de troende ikke skal tilbe bildene, men bruke dem som redskaper for undervisning og erindring. Med dette plasserer han bildene i en pedagogisk og pastoral ramme der de formidler det bibelske budskapet og støtter de troendes moralske og åndelige utvikling. Forskningen har tradisjonelt tolket denne didaktiske funksjonen i lys av forestillingen om bildet som en erstatning for Bibelen for troende som verken behersket latin eller kunne lese. Gjennom visuelle fremstillinger kunne lekfolk likevel tilegne seg bibelske fortellinger og kristen lære. Bildene skulle dermed fungere både som kateketiske hjelpemidler og som virkemidler som beveget hjertet til fromhet.

En slik forenklet oppfatning overser imidlertid at bildenes funksjon i kristen tradisjon strekker seg langt utover det rent didaktiske. Allerede i senantikken forsto teologer bilder og liturgiske handlinger som nødvendige, sanselige mellomledd mellom den materielle verden og menneskets



Figur 2. Anna-selv-tredje, skytshelgen til sjøfart, rikdom og familie (høyre alterskap). Foto: Stephan Kuhn

erkjennelse av Guds frelsesplan. I det innflytelsesrike verket *De coelesti hierarchia* (Om den himmelske hierarki), skrevet på 500-tallet av en ukjent forfatter som senere fikk navn Pseudo-Dionysius, ble dette perspektivet utviklet. Forfatteren påpeker at mennesker, på grunn av sine begrensede erkjennelsesevner, bare kan forstå det guddommelige indirekte – gjennom sanselige tegn som bilder, symboler og liturgiske handlinger. Disse fungerer som et «forheng» som både skjuler og åpenbarer det overnaturlige. Hele den materielle virkeligheten kan dermed oppfattes som en gjenspeiling av det guddommelige, ettersom alt til slutt har sin opprinnelse i Gud og bærer preg av guddommelig inspirasjon. Sanselige midler som bilder er derfor ikke bare et didaktisk hjelpemiddel, men en nødvendig vei til innsikt i det immaterielle.



Argumentasjonen vant gjennomslag i hele middelalderen og ble videreført av sentrale teologer som Thomas Aquinas (1225–1274). Også de få bevarte teologiske tekstene fra middelalderens Norge viser tydelig at denne tanken sto sterkt. Forfatteren av den gammelnorske homilieboken, en samling av prekener, understreker nettopp hvordan mennesket er avhengig av det materielle for å kunne begripe det guddommelige:

«En þar er vér erom iarðleger at atfærð varre. Þa megom vér eigi hug varum nær kom himnescum lutum nema ver takem dôme af licamlegum lutum at vér megem et andlega scilia.»

(Men så lenge vi lever vårt jordiske liv, kan vi ikke med vårt sinn komme nær de himmelske ting, dersom vi ikke tar eksempel av de jordiske ting slik at vi derigjennom kan skjønne det åndelige).

Gjennom dette ser vi at bilder i middelalderens kirker inngikk i et bredere teologisk og liturgisk univers, der de sanselige tegnene utgjorde nødvendige bindeledd mellom det synlige og det usynlige, det menneskelige og det guddommelige.

Å forstå bilder: preken og moralteologi

For dagens betrakter fremstår kirkekunsten ofte som fremmed. Mange kjenner verken motivene eller de tradisjonelle tolkningsmåtene, enten de møter religiøs kunst i kirker eller på museer. I middelalderen derimot kan vi anta at folk flest i langt større grad gjenkjente bildene. Dette betyr likevel ikke at alle kirkebesøkende forsto de komplekse ikonografiske sammenhengene med deres mange teologiske og liturgiske lag. Når Gregor omtaler bilder som hjelp for de «ukyndige» (*idiotae*), viser han snarere til at bilder kan supplere skriften i forkynnelsen og minne de troende om det de allerede har hørt i liturgien. Bildets funksjon var derfor ikke å erstatte tekst for dem som ikke kunne lese, men å støtte prekenen, styrke erindringen og bidra til moralsk oppbyggelse. Likevel må de troende ha hatt en grunnleggende forståelse; uten en slik forutsetning kunne ikke bildene virke som ledetråder i menneskers livsverden. Bilder får nemlig mening først når mennesker tolker dem innenfor en felles kulturell og religiøs ramme. De kunne bare utfolde sin fulle betydning når noen forklarte dem, og nettopp prekenen kunne fylle denne funksjonen.

Selv om vi ikke vet sikkert hvordan prester aktivt integrerte bilder i prekenen, kan vi generelt anta at de brukte dem som didaktiske hjelpemidler.

Figur 3. Kristoffer, skytshelgen til reisende (venstre alterskap). Foto: Stephan Kuhn

Gjennom forklaring kunne presten gjøre bildene forståelige for troende uten teologisk utdannelse og dermed formidle kunnskap. Allerede tekster fra Gregor av Nyssa og Basilius av Caesarea på 300-tallet viser hvordan teologer brukte og forsto bilder. Basilius hevder at det talte ord og det visuelle bildet fungerer som komplementære kommunikasjonsmidler: «Quae enim historiae sermo per auditum exhibet, ea ob oculos ponit silens pictura per imitationem» (Det som forkynnelsen av historien viser gjennom hørselen, fremstiller det stumme bildet for øyet gjennom imitasjon). Denne tanken om at bildet understøtter det hørte ordet bygger på teorier om bildets rolle i hukommelsen (mnemoteknikk): Det man ser, fester seg bedre enn det man kun hører.

Ifølge de norrøne sagatekstene holdt biskopene allerede under kristningstiden på 1000-tallet prekener i Norge. Historikeren Arnved Nedkvitne påpeker at prekenen trolig ble en fast del av messefeiringen i den norske kirkeprovinsen mot slutten av 1200-tallet. Flere kirkelige tekster pålegger nemlig prestene å preke hver søndag. Prekenen fylte flere oppgaver. For det første formidlet den Guds ord ved å forklare evangeliet som ble lest på latin. For det andre spredte den frelseslæren og underviste i kristen etikk og moral, altså den kateketiske funksjonen. Prekenen skulle gi de troende veiledning og utrustning til et godt liv. Bare et fåtall prekener fra norsk middelalder er bevart, og ingen av dem inneholder direkte henvisninger til bilder. Dette gjør det vanskelig å fastslå i hvilken grad vi kan snakke om en egentlig relasjon mellom tekst og bilde. De bevarte prekenene må trolig forstås enten som forelegg som prestene kunne orientere seg etter, eller som nedtegnelser av prekeninnhold, snarere enn som ferdig formulerte pretekster.

I skandinavisk sammenheng utgjør den tidligere nevnte gammelnorske homilieboken, trolig skrevet rundt år 1200, en sentral kilde. Paleografen Michael Gullick har påvist at én og samme skriver trolig har forfattet alle de 29 bevarte prekenene. Tekstene bygger i stor grad på eldre, utenlandske homilietekster. Forskere knytter håndskriftet til Bergens domkapittel og antar at boken fungerte som et redskap i opplæringen av nye prester. Homiliebokens prekener begynner som regel med et bibelsitat, en helgenlegende eller et utdrag fra kirkens lære, som presten deretter forklarer. Temaene dekker viktige festdager som påske og jul og samsvarer dermed med motiver som også var utbredt i kirkekunsten. I tillegg inneholder boken prekener til ulike helgendager samt en preken til minne om kirkens vigsling. Helgenlegendene tjente ofte som etisk veiledning ved å gi de troende forbilder å etterligne. Helgenene var til stede både visuelt i kirkens bilder og verbalt i prekenen, og

de fylte en etisk funksjon ved å demonstrere hva mennesker kunne oppnå og dermed oppmuntre de troende til å følge Kristus gjennom etterligning (*Imitatio Christi*).

Kunsthistorikeren Henrik von Achen argumenterer for at bilder i kirkerommet trolig ble brukt aktivt under prekenen som visuelle og didaktiske hjelpemidler. Han mener at bildene fungerer som de synlige sporene etter en didaktisk praksis, selv om den verbale formidlingen – selve prekenen – i stor grad har gått tapt. Von Achen viser blant annet til et avsnitt til Allehelgensmessen i homilie-boken, hvor helgenenes forbildekarakter tydelig understrekes:

«En með því at vér holdum í dag hotið allra hæilagra goðer brøðr oc systr. þa er nauðsyn at liciaz þæim í siðum, er vér dyrcum í hotiðar halde. því at hvat stoðar at halda ena ytru hotið hæilagra á iorðu. ef hiortu váor fysasc æigi til ennar iðre hotiðar þeirra á himni.»

Men da vi i dag feirer alle helgeners fest, kjære brødre og søstre, er det nødvendig at vi etterligner dem vi hedrer i vår feiring. For hva gagnar det å holde de ytre helgenfestene på jorden, hvis våre hjerter ikke lengter etter deres indre høytid i himmelen?

Et annet eksempel finnes i homilien til minne om martyren Stephanus. Her fremheves helgenens forbilledlige karakter, og menigheten oppfordres samtidig til etterfølgelse. Etter å ha redegjort for legenden, særlig Stephanus' forbønn for sine fiender, vender prekenteeksten seg direkte til menigheten:

En með því at vér høyrðum sagt fra þolenmøde Stephani goðer vinir. þa hverfum vér aftr til vár sialfra ok hyggium át ef ver likiem í nocque aost hans ok þolenmøde við vini vara eða ovini. Þvi at þa sftuðar óf at halda hotiðir hæilagra eða vita lif þæirra. ef vér batnom i eptir likingo atfærðar þæira.

Etter at vi har hørt om Stephanus' tålmodighet, kjære venner, la oss vende oss mot oss selv og overveie om vi deler noen av hans kjærlighet og tålmodighet mot venner eller fiender. For hva gagnar det å feire helgenenes festdager eller kjenne til deres liv, hvis vi ikke forbedrer oss ved å etterligne deres gjerninger?

Selv om homiliene ikke viser til konkrete bilder ved alteret, er det sannsynlig at presten etablerte en kobling mellom ord og bilde i selve prekenen. I tillegg til den talte forkynnelsen spilte også prestens gestikulering, mimikk og stemmebruk en viktig rolle i kommunikasjonen. Homiliene knytter



riktignok forkynnelsen til bestemte festdager i kirkeåret, mens alterbildene sto synlig for menigheten gjennom mesteparten av året. Bildet kan derfor ha fungert som en visuell påminnelse om innholdet i prekenen også etter at festen var over.

Prekenen gjorde det mulig for de troende å forstå bildets innhold og bruke det senere i sin individuelle andakt. Gjennom samspillet mellom det de hørte i prekenen og det de så i bildet, kunne de reflektere over budskapet som bildet formidlet. I beste fall utviklet det seg en tilnærming til bildet på tre nivåer: først en individuell refleksjon over det man kollektivt hadde hørt i prekenen, deretter den individuelle, meditative andakten og til slutt den kontemplative betraktningen av det man så.

Trondeneskirkenes interiør som gjenspeiling av senmiddelalderens verdensbilde

Til slutt skal jeg forsøke å identifisere eksempler fra Trondenes som gjenspeiler senmiddelalderens verdensbilde. Oppgaven er utfordrende fordi vi ikke vet sikkert hvilke tekster prestene brukte, eller hvordan prekenen faktisk lød i kirkerommet. At menigheten forsto og brukte bildene, fremstår likevel som åpenbart. Det er heller ikke sannsynlig at utvalget av helgener var tilfeldig, selv om det dreier seg om populære helgener. Utvalget gjenspeiler trolig en kombinasjon av teologiske ideer, lokale behov og økonomiske realiteter.

Kunsthistorikeren Rognald Heiseldal Bergesen påpeker at Anna – Marias mor og Jesus' bestemor – som vises tre ganger i Trondenes, hadde særlig relevans for menigheten. Hun ble oppfattet både som beskytter av sjømenn og som garantist for rikdom, noe som var avgjørende i et lokalsamfunn basert på fiske og sjøfart. Alterskapene med motiver av Anna som holder Maria og Jesusbarnet i armen (framstillingen kalles Anna-selv-tredje) uttrykte et ønske om trygg ferd på havet og økonomisk stabilitet gjennom tørrfiskhandelen. Samtidig fungerte Anna som et symbolsk forbilde for «borgerlige» familieverdier i et handelsrettet samfunn, og hennes kult bandt kirkerommet til en kombinasjon av teologi og lokal maritim identitet.

På samme måte som Anna ble påkalt for å beskytte sjømenn og sikre økonomien fra fiskeri og handel, dyrket menigheten Kristoffer – fremstilt på det venstre alterskapet – som skytshelgen for reisende på farefulle veier og over farlige vann. I mange kirker langs europeiske reiseruter ble han fremstilt på fremtredende steder nettopp av denne grunn. Begge helgenene fungerte som beskyttere



Figur 4. Kristus tornekrøning. Bevisst ødeleggelse av ansikter til dem som plager Kristus. Foto: Stephan Kuhn

i en tid der reise og transport innebar betydelig risiko. Mens Kristoffer skapte trygghet for individets ferd gjennom landskapet, symboliserte Anna trygghet for hele lokalsamfunnets maritime og økonomiske virksomhet. Sammen viser de hvordan helgendyrkelsen speilet konkrete behov i hverdagslivet: sikker ferdsel og vern av liv og verdier.

Samtidig som helgenene kunne fungere som beskyttere, preges senmiddelalderens verdensbilde av en tydelig skepsis mot det ukjente og fremmede. Antijødiske holdninger var utbredt i middelalderens Europa, også i Norden. Margrethe Stang påpeker at malere ofte plasserte jøder i pasjonsscener som Kristi torturister eller korsfestere, gjerne med karikerte og groteske trekk – krokete neser, overdrevne ansiktsformer og fremmede hodeplagg – for å markere dem som «annerledes» og onde. Selv om det ikke fantes dokumenterte jødiske samfunn i Norge i middelalderen, importerte man slike forestillinger gjennom kunst og fortellinger fra kontinentet, som var godt kjent i det norrøne samfunnet. De ble en del av den kollektive kristne fortellingsverdenen, der jødene først og fremst representerte Kristi fiender.

Dette antijødiske verdensbildet, som preget store deler av europeisk middelalder, kommer også til uttrykk i Trondenes kirke. Pasjonsscenene på predellaen (sokkelen) til det høyre alterskapet viser i de to første scenene tydelige stereotyper.

Noen kirkegjengere har tilsynelatende reagert på framstillingene, siden ansiktene til dem som plager Kristus er skadet: øyne og tunger er skrappt ut. Denne formen for bevisst ødeleggelse av uønskede skikkelser er ikke unik for Trondenes; vi finner mange lignende tilfeller i europeisk kirkekunst.

Disse eksemplene viser hvordan senmiddelalderens verdensbilde var gjennomsyret av skarpe skiller. Visuelle framstillinger fungerte som effektive formidlere av samfunnets verdier og religiøse forestillinger. Bildene opptrådte dermed som aktive kunnskapsbærere som konkretiserte og forsterket normative og ideologiske perspektiver. Trondenes kirke fremstår dermed som et enestående vitnesbyrd om senmiddelalderens kirkelige verdensbilde – ikke bare i nordnorsk sammenheng, men også i et bredere europeisk perspektiv – der et rikt og teologisk forankret billedprogram knytter lokalsamfunnets erfaringer og behov til en billedtradisjon som var felles for kirker over hele det førreformatoriske Europa.

Litteratur:

- Von Achen, H. 1991. Helgenikonografi og moralteologi. Kirkekunstens teologiske funksjoner – en ikonologisk skisse. *Tro og bilde i Norden i Refomasjonens århundre*, (red.). Blindheim, M., Hohler, E., Lillie, L., Oslo, s. 9–30.
- Bergesen, R. H. 2015. Billedprogrammet på Trondenes: Den hellige Anna – sjømannenes og rikdommens beskytter. *Nordlitt 36: Berørt av bygninger*, (red.). Haugdal, E., Olaussen, H., Aamond, S., s. 229–248.
- Kuhn, S. 2022. Hochmittelalterliche Altarausstattungen in Norwegen im europäischen Kontext (ca. 1150–1350). Formen, Funktionen, Ensembles, Ph.d. Bergen 2022.
- Laugerud, H. 2016. Erindringer som fromhetskultur. Menemologiske perspektiver på religiøs tro og praksis i europeisk middelalder. *Kunst og Kultur* 99. 3/2016, s. 142–153.
- Stang, M. 2021. Enemies of Christ in the Far North: Tales of Saracens, Jews and the Saami in Norwegian Medieval painting. *Tracing the Jerusalem Code. Vol 1.*, (red.). Aavitsland, K. B., Bonde, L. De Gruyter, s. 477–499.



Forfatter:

Stephan Kuhn er kunsthistoriker og kurator med spesialisering i middelalderkunst i Skandinavia. Han er førstekonservator ved Trondenes Historiske Senter/ Sør-Troms Museum og har tidligere arbeidet ved Nasjonalmuseet i Oslo.

Kuhn har doktorgrad fra Universitetet i Bergen med avhandling om norsk middelalderkunst fra 1200- og 1300-tallet i europeisk perspektiv.

E-post: stephan@stmu.no

<https://orcid.org/0000-0002-6006-7851>

Diktaren og «skandalebiskopen» Anders Arrebo som inspirerte Petter Dass

Ronny Grønning Spaans

<https://doi.org/10.7557/ottar.8595>

Anders Arrebo er kjend som far til dansk-norsk renessansepoesi. Og han er kjend som biskop i Trondheims stift som skapte skandalar. Men det er ukjent at han tok med inntrykk frå Nord-Noreg i det poetiske verket *Hexaëmeron*. Dette verket vart ei inspirasjonskjelde for nordnorsk topografi, ikkje minst for Petter Dass.

Anders Christenssøn Arrebo (1587–1637) kom frå vesle øya Ærø sør for Fyn. Det kjem fram av ein annan skrivemåte av etternamnet, «Ærøbo». Berre 31 år gamal, mars 1618, vart han innsett som superintendent i Trondheim, som biskopen heitte den gongen. Alt 26. juni same år rapporterte han til kongens kanslar, Christen Friis, at han hadde vore på bispevisitas heilt nord til Vardø. Det vitnar om ein ambisiøs geistleg som tok kallet sitt alvorleg.



Figur 1. Portrett av Anders Arrebo i Nidarosdomen. Dette er ein variant av portrettet i Vor Frue Kirke Vordingborg og stammar frå 1700-talet. Kjelde: ©Nils Kristian Th. Eikeland, NTNU Universitetsbiblioteket

Men den unge mannen var òg aktiv på andre område, som skapte misunning og baksnakk. Han dansa på eit prestebryllaup, vart ved same fest sett sitjande på sengekanten til to gifte kvinner, og han skreiv nidvers mot futen i Trondheim. Det fekk fylgjer; alt i 1622 var noregseventyret over. Arrebo vart avsett etter ei rettssak mot han, som enda på den såkalla Herredagen i Bergen, eit riksrådsmøte der kong Kristian IV sjølv var til stades. Arrebo vart frikjend for dei fleste skuldingane, men kongen dømde han likevel frå stillinga. Fyrst i 1626 fekk han kall att, degradert som prest i Vordingborg, der han budde til han døydde i 1637.

I Danmark fekk han tid til å reflektere over livet og til å dikte. Arrebo har i dag status som «den danske kunstdigtnings fader». Han innførte klassiske ideal og moderne verslære i Danmark-Noreg. Men det er mindre kjent at Noreg, særleg Nord-Noreg, var verande i hjarta hans gjennom heile livet. Landsdelen har stor plass i hovudverket hans, *Hexaëmeron*. I dette langdiktet syng han om nordnorsk landskap, fisk og dyr. Samtidig er det er ukjent at verket hadde påverknad på topografisk litteratur i Nord-Noreg fram til midten av 1700-talet. Arrebo er det einaste diktarnamnet Petter Dass nemner i *Nordlands Trompet*.

Nord-Noreg i brev

Anders Arrebos opphald i Noreg sette skriftlege spor, både i brev til kanslaren Christen Friis (1581–1639), og i diktinga. I breva blir Trondenes nemnd, medan fokuset ligg på nordnorske landskap og natur i poesien. Den nye biskopen var ikkje imponert over tilstanden i landsdelen. I eit brev til kanslaren frå 26. juni 1618 kjem dette fram:

Men Jesus! Hvilket barbari, hvilken råhed og uvidenhed har jeg mødt ved indgangen til mit embede, skapt og fremgået af teologernes og provsternes sløsethed (herom kan der næppe være tvivl), men også af præsternes dype uvidenhed. Der er næppe fundet én blandt dem, der er 40 år



Figur 2. Interiøret i Vor Frue Kirke Vordingborg, Sydsjælland der Anders Arrebo endeleg fekk kall. Interiøret er dekorert med kalkmålarstykke frå 1400-talet. Kjelde: Wikicommons

eller derover, som har lært at fremsige De ti bud, ja endog ikke Fadervor. (Omsett frå latin av Vagn Lundgaard Simonsen).

Han fortel så at han har stemna sju prestar frå ulike område, særleg frå Nordland, som ikkje

kunne leggje fram vitnemål frå skular eller universitet. Dei er «som andre banditter og mordere jaget bort fra fædrelandet og er blevet mottaget her i dette – som man siger – tilflugssted for slyngler og er sat til at forvalte kirketjenesten». Arrebo uttrykkjer òg omsorg for prestar i det fattigslege



Figur 5a og 5b. Illustrasjon frå 1678 av Moskstraumen. Frå: Herbinus Johannes, *Dissertationes De admirandis mundi cataractis supra & subterraneis*. Kjelde: Universitetsbiblioteket i Oslo

å sende ein ny mann til Trondheim, utan eit nettverk i byen, til å ordne opp? Den unge dikteren fekk sterke menn imot seg. Det seier seg sjølv at rykta om den festglade biskopen kom som sende frå himmelen.


I tillegg kom dei fysiske pårøyningane tilknytt det største og truleg vanskelegaste stiftet i Danmark-Noreg. I eit brev til Christen Friis, som finst i det norske Riksarkivet, skriv dikteren: «Gud ved oc, at ieg maa oc i dette stift meget Ont lide oc mange farlige Reiser gjøre».

Nord-Noreg i diktinga

Der Nord-Noreg i breva er skildra som ein landsdel tyngd av fattigdom, er det omvendt i poesien. Her er Nord-Noreg heimstaden for vedunderlege naturfenomen. Det fører oss til Arrebo's mest kjende verk: *Hexaëmeron*. Det er: *Verdens Første Uges Sex Dages præctige oc mæctige Gierninger* (utgjeve i

1661). Som det kjem fram av tittelen, er det tale om eit epos om Guds skaping av verda (*Hexaëmeron* tyder «seks dagar» på gresk). Verket er ei omarbeiding av det franske *La première Semaine* («Den fyrste veka», 1578) av Guillaume de Salluste Du Bartas. Det er eit verk som vart etterlikna av diktarar i heile Europa. Arrebo har i hovudsak nytta ei attdikting av Du Bartas til eit språk som ligg nærare dansk: *De Weke* (1616) av nederlendaren Zacharias Heyns.

Arrebo var på bispevisitas nordpå sumaren 1618. Dersom Arrebo fekk høve til ein bispevisitas til, kunne det ha vore i 1621. Kanskje overvintra han den gongen i Trondenes? Dessverre er Trondenes ikkje nemnd i *Hexaëmeron*. Dei få stadnamna som dukkar opp, er knytte til naturfenomen. I kapitlet «Verdens første Uges tredie Dag», om Guds skaping av jorda og vatnet, omtalar han det mest kjende naturfenomenet i Norden i tidleg nytid: Moskstraumen i Lofoten, ein av dei sterkaste



Figur 5a og 5b. Illustrasjon frå 1678 av Moskstraumen. Frå: Herbinus Johannes, *Dissertationes De admirandis mundi cataractis supra & subterraneis*. Kjelde: Universitetsbiblioteket i Oslo

tidvasstraumane i verda. Dersom nokon kjem nær Moskstraumen, blir han så forundra at han gløymer verda, skriv Arrebo:

*I Loufod Norden hen i Norriges Konge-riige
 Een Strøm befindes stoor som ei hâr mange Liige
 Den kaldes Moske-strøm, af Mosker spits hin
 høje,
 Som Strømmen runden om ret artig veed at pløje.
 Naar denne gjør sin fliid oc Maanens Verk
 forretter,
 Oc nogen kommer nær, hand Verden snart
 forgætter.
 Den Bylge reis i vær som andre Bierge høje,
 Mand der igiennem kand see Soolen Verdens Øje.
 Er Vinden Strømmen mod, to helte sammen riide,
 Oc med sligt bulder stoor imod hver andre
 striide,
 At Land oc Huus der ved, ja Dør oc Vindu ryste,
 Oc tage saa af sted, som Jorden skulde bryste.*

På Arrebos tid konkurrerte lærde i heile Europa om å gje ei forklåring på fenomenet. Vi kan jamføre malstraumen med mysteriet Bermudatriangelet i vår tid, for ein tenkte det var livsfarleg å krysse straumen. Vitskapsfolk baserte seg Olaus Magnus' kjende framstilling av fenomenet og meinte at malstraumen kom av underjordiske vasskanalar. Arrebo avviser dette synet og argumenterer for at Moskstraumen er skapt av kvasse klipper under vatn.

Vi støyter òg på eit anna norsk stadnamn i *Hexæmeron*, i kapittelet «Første Uges femte Dag», der Arrebo omtalar Guds skaping av fuglar og fiskar. I denne delen av diktet finst det flest referansar til Noreg. Biskopen fortel mellom anna at han såg eit havmonster i Altafjorden:

*Du grumme trolde-hval, du stoore Fiske-Konge,
 Paa den Atlantisk' heed, forlucker øjne mange,*

*Du Røørhval, tocke-hval, du springere hin faade,
Hvad haer jeg seet dig for paa Alten-fior at
sprade!*


I ein randmerknad til «Alten-fior» heiter det: «Mellem Loppen oc Sørvær i Finmarcken». Utdraga fortel oss at det eit visst slag naturfenomen som særleg har vekt interesse, såkalla *praeternaturlege ovringar*. Det er naturfenomen som er gåtefulle og såleis skil seg frå det naturlege, men utan å vera overnaturlige – eit område ein luthersk prest var varsam med å nærme seg. Like etter omtalen av nordnorske kvalar er turen komen til håkjerringa:

*Du Fiske-kierling grem, skarppfindig, ô du hvasse,
Trafn-agtig, Geede-ram, lang-næsed Hugge-
basse;
Som Hvalen reenlig er, den fuule stanck forsager
Saa dig U-reenlighed oc ond Zibeth behager.*

Håkjerringa har skarpe finnar, er full av tran og har ei ram lukt som frå ei geit («Geede-ram»). Der kvalen er rein og unngår styggluk, blir denne fisken dregen mot ful stank, «Tøfvet», som han skriv lenger nede på sida, der Arrebo skildrar korleis «den Noor-mand» fangar fisken med «lenke-spitsed Kal». «Zibeth» viser til eit stoff frå sibeatkatten med sterk lukt. «Tøfvet» («teven») er eit døme på Arrebos bruk av norske ord. Dette ordet blir forklåra i randmerknadene til diktet.

Vi har altså å gjera med ein prest med både interesse for norske ord og lokale fangstmetodar. Samtidig vitnar utdraga om Arrebo som lærd renessansediktar. Stilen er tung, og det kryr av referansar til latinsk litteratur. Nordnorske dyr står side om side med klassisk-antikke fabeldyr. Arrebo interesserer seg ikkje for sjødyr som skapningar i seg sjølve, som matfisk eller handelsvare, men som uttrykk for Guds skapingsakt. Dei fascinerer oss med sin skræmelege natur på same måte som underlege dyr i raritetskabinett i denne tidsperioden. Eit talande døme er naturaliasamlinga til Ole Worm, «Musei Wormiani Historia», som hadde same funksjon som *Hexaëmeron*: å få oss til å undrast over Guds natur. Her ser vi ymse nordeuropeiske fiskeslag plasserte i taket, mellom anna ein steinbit og ein breiflabbb.

Hexaëmeron er meir eit skrivebordsarbeid enn ei samling naturobservasjonar. Verket vart heller ikkje skrivi i Trondheims stift, men i Vordingborg mellom 1631 og 1637, før son hans, Christen Andersson Arrebo, gav det ut i 1661. Ei jamføring med samtidig topografisk litteratur viser at det nordnorske stoffet ikkje berre baserer seg på sjølvsyn, men òg omskriving av skriftlege kjelder, ja, stundom rein avskrift. Nokre passasjar er henta beinveges frå *Beskrielse om Lofoten, Vestraallen*



Figur 6. *Hexaëmeron* er eit lærd verk med mange referansar til klassisk kultur, ved sida av observasjonar frå Nord-Noreg. Den lærde stilen kjem òg til uttrykk i randmerknadene til diktet. Vi veit ikkje om det er diktaren sjølv eller son hans, Christen Andersson Arrebo, som skreiv desse merknadene. Kjelde: Universitetsbiblioteket i Oslo

Anneses, Røst och Verrøen (1591) av Erik Schønnebøl. Men Arrebos hyllest til Guds natur er likevel eit originalt poetisk arbeid. Eit høgdepunkt er skildringa hans av reinsdyret. Eg gjev her att byrjinga og slutten av lovprisinga:


*Du Reins-diur mørke-graa paa fælde-kam oc
Tinde,
Du hiorte-tacked Hæst for haar-før Lappe-finde,
Du bær en mæctig priis blant Diur i kolde Lande,
Paa Snee-tact Finde-Kirk mood iiskold Zemblæ
Strande.
(...)
Hvoraferactis læt, det Diur i slette Lande,
Besværilig lefve kand, hvor Steen-berg er fra
haande.
Klein-tærend' er det oc, af mos indknyt i næfve,
Foruden Hunger-tvang een gandske Døgn kand
lefve.
O Diur, ô ædle Diur, du nydlig Rein, du tamme,
Men Snee er Norden fields, du i min dict skal
bramme.*

Arrebo nyttar ein norsk skrivemåte, «rein» med «i». Så lenge det er snø nordanfjells, vil reinen pryde diktet mitt, avsluttar Arrebo. Reinen har vel knapt fått større lovtale, korkje før eller seinare.


Påverknad på topografisk litteratur

Litteraturhistorikarar har diskutert kor stor påverknad *Hexaëmeron* har hatt i dansk-norsk litteratur. Eit rundskriv frå Erik Bredal, som sat nesten tretti år i bispestolen i Trondheim (1643–1672), kastar nytt ljøs over Arreboes posisjon i skriftkulturen: «Mig er er thilskikket fra Mag.

Anders Arøboes Søn off(er) 20. Exemplarede aff det herlige Hexamero om skabelsens 6. dagers Værck». Han legg til at prestar i stiftet kan få kjøpe boka av han. Gjennom familien har Bredal truleg hatt kontakt med etterkomarane til Arrebo, ikkje berre sonen som han nemner her, men òg dottera som var gift med bror til Erik, Peder Bredal. Mange



Figur 7. I midten ser vi eit bilete av håkjerringa. Der er ikkje illustrasjonar i *Hexaëmeron*. Denne illustrasjonen er frå Erik Pontoppidan, *Norges Naturlige Historie* (1752–1753). Kjelde: Universitetsbiblioteket i Oslo



Figur 8. Eit koparstikk av Ole Worms raritetskabinett, frå *Musei Wormiani Historia*, 1655.
Kjelde: Science History Institute Philadelphia. <https://digital.sciencehistory.org/works/rv042t91s>

har tydelegvis takka ja til tilbodet, for referansar til *Hexaëmeron* finst i norske topografiske skrifter, prenta og uprenta, fram til midten av 1700-talet. Døme er: Elias Schøning (1673–1738), prest i Lofoten, i sin omtale av Moskstraumen, og amtmann Hans Hansen Lilienskiold, i finnmarks-skildringa *Speculum Boreale* (ca. 1700).

Det mest kjende verket inspirert av Anders Arrebo er utan tvil *Nordlands Trompet* av Petter Dass. Erik Bredal sende ut rundskrivet i november 1671. Omtrent samtidig byrja Dass på langdiktet sitt. Det kan faktisk hende at denne bokbestillinga var det som sette i gang skriveprosessen. Den tydelegaste påverknaden ser vi i bruken av retoriske verkemiddel, særleg den såkalla *apostrofe* – poetisk tiltale. I diktsitata ovanfor såg vi korleis Arrebo gjorde stoffet levande gjennom ein du-tiltale av dyra han portretterer: «Du grumme trolde-hval, du stoore Fiske-Konge». Dass skriv: «Du grumme Søe-Konge! du Trolde i dit Vand!» Likskapen er slåande! Men samtidig ligg eit viktig skilje gøymt i det same sitatet. Dass deler opp ordet «trollkval» – det var eit havmonster han ikkje trudde på. Ei samanlikning av Arrebos og Dass' skildring av håkjerringa er òg fruktbar. Hå Dass er ikkje håkjerringa lenger eit dyr som fyrst og fremst skal vekkje undring, som utstillingsobjekt i eit raritetskabinett, men eit levande dyr for nordnorske fiskarar. Dass baserer seg på Arrebos dikt, men gjer omtalen av fisken meir levande og realistisk.

Det same gjeld andre passasjar i *Nordlands Trompet* som er påverka av Arrebo. Det beste dømet er omtalen av Moskstraumen, den lengste naturskildringa i boka. Her refererer nordlandsdiktaren – den einaste gongen i heile verket – til ei namngjeven skriftleg kjelde, og ikkje overraskande til «vor Areboe». Petter Dass avviser biskopens forklaring på malstraumen og lanserer ein ny teori: Straumen er ikkje skapt av kvasse klipper under vatn, men smale sund og botnar mellom Lofotøyane, som skaper hinder når vassmassar passerer ved flo og fjøre. Det er òg slik vi forstår havfenomenet i dag.

For Arrebo var det ikkje nok å skildre Nord-Noreg; han dekorerer det med antikke gudar og heltar. Petter Dass valde å styre unna det meste av denne renessansestilen. *Nordlands Trompet* gjev eit meir moderne, realistisk inntrykk. Men påverknaden er likevel påtateleg. I nasjonsbygginga var det viktig for litteraturvitarar å framheve Dass som ein sjølvstendig, original norsk diktar. Vi tviler ikkje på originaliteten hans, men det hindrar ikkje oss å leite etter førebilete han har hatt. Det er faktisk mogeleg Dass valde å utforme si skildring av Nordlanda som eit diktverk på rim og rytme og ikkje som prosa, slik som det meste av topografisk litteratur i denne perioden, på grunn av føredømet

i Arrebo. Petter Dass opponerer altså mot synsmåtar hjå Arrebo, men hovudintrykket hans er likevel ikkje å ta feil av: «Den Salig Mands Skrifter heel kyndig og lærd/Som Gullet jeg agter at giemme». Arrebo er ei lite påakta inspirasjonskjelde for nordnorsk topografisk litteratur. Det er verdt å dra denne mangfaldige dikteren fram or gløymsla.

Litteratur:

- Arrebo, A. 22. januar, 1620. Brev til kanslar Christen Friis. Riksarkivet. Norske henlagte saker 1578–1625.
- Arrebo, A. 1965–1984. *Samlede skrifter*. Ved Vagn Lundgaard Simonsen. Munksgaards forlag. København.
- Lysaker, T. 1987. *Trondhjems stift og Nidaros bispedømme*. 1537–1953. Bd. 2. Nidaros Domkirkes restaureringsarbeider. Trondheim.
- Rørdam, H. 1857. *Mester Christensen Arrebos Levnet og Skrifter*. I–II. Forlagt af Samfundet ti den danske Litteraturs Fremme. København.
- Spaans, R. 2025. Havmonster i klasserommet: Petter Dass og Anders Arrebo som ressursar for det nye norskfaget. I: Svelstad, P. E., & Messelt, C. (red.): *Litteraturhistorie i kontekst*. Fagbokforlaget. Bergen, s. 41–62.



Forfattar:

Ronny Spaans er professor i nordisk litteraturhistorie ved Universitetet i Oslo. Han har skrive artiklar og bøker om både nederlandsk og nordisk poesi og arbeider for tida mest med topografisk litteratur.

E-post: r.g.spaans@iln.uio.no

<https://orcid.org/0009-0005-1857-1885>

Biskop Erik Eriksen Pontoppidan og aksens Trondheim–Trondenes

Per-Olav Broback Rasch

<https://doi.org/10.7557/ottar.8609>

Over flere hundre år har aksens Trondheim–Trondenes hatt en sentral betydning for kirkeorganisasjonen og kunnskapsutviklingen i nord. Trondenes som et lærdomssentrum i nord går tilbake til middelalderen og videre gjennom reformasjonen og innføringen av eneveldet i 1660-årene. På slutten av 1600-tallet kan man se denne betydningen gjennom biskop Erik Eriksen Pontoppidans virke og tilstedeværelse i nord.

Erik Eriksen Pontoppidan var en dansk-norsk teolog, poet og språkforsker som ble biskop i Trondheim stift 1673–1678. Han omtales gjerne som den eldre for å skilles fra sin yngre slektning Erik Ludvigsen Pontoppidan (biskop i Bergen på 1700-tallet). Pontoppidans forfatterskap og virke er godt kjent gjennom flere trykte utgivelser og etterlatte manuskripter, som også angår hans seks siste leveår som biskop i Trondheim. I denne perioden reiste han nordover på visitasjon og besøkte blant annet prestegjeldet Trondenes, som i flere hundre år hadde vært en sentral del av virksomheten til erkesetet og domkapitlet i Trondheim. Pontoppidan er særlig kjent for sin undervisning rettet mot ungdommene i stiftet, arbeidet med en egen beskrivelse over Nordlandene og Finnmarken, og det som skal ha vært første kjente forsøk på oversettelse til samisk språk i Norge.

Pontoppidans senere etterfølger som biskop i Trondheim og grunnlegger av *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab* (DKNVS) i 1760-årene, Johan Ernst Gunnerus (1718–1773), lister i sitt hyrdebrev til prestestanden i stiftet opp enkelte av Pontoppidans arbeider:

Hr. Eric Ericson Pontoppidan, Biskop, har udgivet mangfoldige Skrifter, førend han kom hid, saavel som siden. Til de sidste henhører f. e. [...] Lutheri Catechismus med nogle Anmerkninger for Tronhjems Stift, 1676. in 12mo, en udførlig Forklaring over samme in MSt. En Catechismus paa Finsk, MSt. [...] Beskrivelse over Nordlandene og Finmarken MSt.

Biskop Gunnerus nevner her tre sentrale arbeider av Pontoppidan som har betydning for undervisning i stiftet og områdene i nord. Utgivelsen av «Doctor Morten Luthers Lille Catechismus [...] for den Christelige Meenighed i Trundhiems Stift» kom første gang i trykken i 1673. Denne er ikke kjent bevart, men senere utgivelser fra 1741 og 1752 finnes i Nasjonalbiblioteket i Oslo og NTNU

Gunnerusbiblioteket i Trondheim. Eksemplaret i Trondheim har Gerhard Schønings proveniens (eierskaphistorikk). Schønning var rektor ved katedralskolen, historiker og med-grunnlegger av DKNVS sammen med Gunnerus. Det er Schønings bibliotek på over 11 000 bind som utgjør grunnstammen i Gunnerusbibliotekets eldste boksamling. Både oversettelsen av Luthers katekisme til samisk og beskrivelsen over Nordlandene og Finnmark, begge i manuskript, er dessverre gått tapt og innholdet er ikke kjent i dag.

Pontoppidans utdannelse og virke

Pontoppidan ble født 21. januar 1616 i Broby på Fyn, Danmark og kom fra en slekt av prester og embetsmenn. Han ble cand.theol. i 1638 og fikk i 1641 reisestipend fra kong Kristian IV til videre studier i utlandet. Han reiste til Amsterdam, Leiden og Paris, hvor han blant annet kom i kontakt med den berømte nederlandske humanisten og folkerettslærde Hugo Grotius (1583–1645). Tilbake i København tok han magistergraden ved universitetet i 1643. På sine utenlandsstudier hadde han stiftet bekjentskap med grammatiske arbeider som har inspirert til utgivelsen av pionerarbeidet «Grammatica Danica», den eldste kjente danske grammatikk. I utgivelsen fra 1662 kommer dagligdagse uttrykk og dialektenes særtrekk frem. Pontoppidan var fra 1649 prest på Sjælland inntil han i 1673 ble biskop i Trondheim. Her fortsatte han sitt arbeid med å studere språk og gjorde egne undersøkelser og utgivelser relatert til det nordligste stiftet i den dansk-norske kirkeprovinns. Sentralt i denne sammenheng er biskopens sterke tilknytning til det store Trondenes prestegjeld, som på denne tiden var direkte underlagt biskopen som var prestegjeldets egentlige sogneprest. I hans fravær ble det ansatt vikarprest som fungerte som stedfortreder.



Figur 1. Kobberstikk av Pontoopidan. Det Kongelige Bibliotek, Billedsamling. Danske portrætter, 8°, Pontoppidan, Erik (1616–1678).

Hr. Eric Ericsen Pontoppidan, Biskop, har udgivet mangfoldige Skrifter, førend han kom hid, saavel som siden. Til de sidste henhører f. e. Jo. Commenii Vestibulum cum Verf. Dan. &c. pro Schola Nidros. 8vo. Lutheri Catechismus med nogle Anmerkninger for Tronhjems Stift, 1676. in 12mo, en udførlig Forklaring over samme in MSt. En Catechismus paa Finsk, MSt. Kong Christian den Femtes Krigs-Bedrifter paa Vers MSt. Beskrivelse over Nordlandene og Finmarken MSt. foruden mange andre. Hr. P. Pristroph, Præst paa Jandersen, hans Liig-Prædiken over Oberst

Figur 2. Hyrdebrev biskop Gunnerus 1758. Kilde: Nasjonalbiblioteket

Aksen Trondheim–Trondenes

Trondheim stift besto frem til 1804 også av hele daværende Nord-Norge og var dermed det største av de fem stiftene i Norge på 1600-tallet (Christiania, Christiansand, Stavanger, Bergen og Trondheim). I middelalderen var Trondenes en sentral «utpost» i nord som var med på å binde det store stiftet sammen. Prestegjeldet var frem til delingen i 1731 det største i stiftet og besto i 1589 av hele ni prester og 14 kirker. Steinkirken som står på Trondenes i dag har sin historikk tilbake til omkring 1400 eller kanskje så tidlig som 1200-tallet, og er uten sammenligning det største kirkebygget i Nord-Norge fra middelalderen. Her fantes frem til midten av 1500-tallet et prestefellesskap med egen lektor (lesemester) og et betydelig bibliotek, som ligner på det prestefellesskapet som fantes blant kannikene ved domkapitlet i Trondheim.

